

Kontaktblad for
Nr. 56 Juli 2025

HJARTDAL HISTORIELAG

*Anders Kvåle Rue viste teikningar og
fortalde om Rusla Stridsmøy og andre
av sagatidas telemarkingar på årsmøtet
2. april*



I dette
bladet
les du
også
om:

- Johannes Grimsrud
 - Ein ide om minnesmerke for Knud Gislesen
 - Litt om flaumen i 1927
 - Professor Gerhard B. Naeseths verk
 - Crossings 200
 - Tidlegare vegar
-

Kan vi få til eit minnesmerke for Knut Gislesen?

Ved Tromsø domkyrkje står det ein gravstein over biskop Knud Gislesen og bispinne Henriette.

Biskopen var bondesonen frå Hjartdal som fekk ein uvanleg livsveg. Han var fødd på Løksli i 1801. Den uvanleg evnerike guten hadde lært å lese og skrive i heimen, og berre 16 år gamal blei han omgangsskulelærer i heimbygda. Så tok han Kåsaskulen i Kviteseid for omgangsskulelærarar.

I 1825 reiste han til Kristiania og tok studenteksamen og teologistudiet med mykje godt resultat. Han blei handplukka til å vera styrar på Asker seminar, som skulle utvikle ein moderne lærarskule (seminar). I 22 år var Knut Gislesen i den stillinga og tok fleire studiereiser i Europa.

I 1855 blei Gislesen utnemnd til biskop i Tromsø stift, som da omfatta heile Nord-Noreg. Det blei mange lange reiser, som tok på helsa. To år før han døydde, fekk han Den kongelege St.Olavs orden.

Knut Gislesen er gravlagt ved Tromsø domkyrkje, men det kunne vera naturleg at det blei reist eit minnesmerke i fødebygda! Dette til minne om den særdeles dyktige skulemannen og biskopen frå Løksli i Hjartdal.

Det er nok, sett i ettertid, i norsk skulehistorie han var ein nybrotsmann og har sett dei djupaste spora etter seg.

Hjartdal historielag har oppnemnd ei arbeidsgruppe – Torgunn Opsal, Anna L. Langåsdaalen og Olav Tho, som saman med ein ev. kommunerepresentant skal arbeide for at dette kan bli realisert.

For prosjektgruppa, Olav Tho



Minnesteinen ved Tromsø domkyrkje, våren 2025

Foto: Jon Bekkhus

Teksta på minnesteinen:

KNUD GISLESEN
Biskop i Tromsø Stift,
Søn af Klokke Gisle Knudsen,
født i Hjærtaldal den 29de December 1801,
død i Tromsø den 20de Mai 1860.
Salige ere de Sagtmodige, thi de
skulle arve Jorden. Math. 5,5.

HENRIETTE JACOBINE MARTINE
Gislesen født Vibe.
Hun fødtes for at døe på Jorden
den 9de April 1809.
Hun døde for at fødes i Himmelen
den 10de Mai 1859.
Velsignelse hvile over Deres Minde.
Jeg vil tage Eder til mig.
Hvor jeg er skulle også I være. Joh. 14.3

Vi ser nok for oss eit minnesmerke i heilt annan stil i Hjartdal. Ei form for relieff er førebels tanken...

Smakebit frå årbok nr. 13 – 2025:

Korrespondentbrev i 1927 frå Ambros Dølen til den norskspråklege avisa Skandinaven i USA

Fra Telemarken.

«Skandinaven»s Brevskriver er atter paa Benene.

Hjartdal 9de Juli. – Som mine Læsere allerede har set gjennom Aviserne, har vi de sidste Dage været hjemsøgt af en uhyggelig Flomkatastrofe uden Side-stykke i den sidste Menneskealder.

Det var Mandag den 27de Juni at det begyndte at regne. Det holdt paa Dagen tilende og Natten med, men først om Eftermiddagen den 28de var det at Vandet begyndte at voxe. Da fik vi nemlig et Omslag i Veiret, det blev mildt saa de vældige Snemengder som laa igjen paa Fjeldene begyndte at smelte og dette gjorde sit til at forøge Vandmassen uhyre. Elvene kom da som en Fos; de steg for hvert Minut og paa nogen faa Timer flommet det Vand over alle Steder hvor det med nogen-lunde Rimelighed kunde komme frem.

Ved Gjuv gik det fem Jordras, paa Midtbøn et og flere andre Steder, da Jorden blev saa opblødt at det piplet frem Vandaarer overalt. Vesleaa tog nyt Løb i Aadalen, ovenfor Gvammen Skole, og gik bent over Kringlund der den rev med sig Jorden og lagde Sten isteden. Denne lille Eiendom, som tilhører Midtbøn, er helt ødelagt, kun en ganske liden Del er igjen.

Videre gik Elven ned Havnen paa Dalen, som ogsaa er helt overstrøet med Sten, gjennom Gaardspladsen paa Øvre Funner og indover Jorden, bredte sig

saa ut over Skeie og Svalastog, der den faldt ud i det stille Vand, som rak helt op til Søndre Skeie.

Ved Nordre Skeie gik den ogsaa over Jordet og lavet nogen Grøfter mange Meter brede og la den øvrige Jord bedækket med Sten. Paa Øvre Funner lavet den ogsaa Grøfter langs efter Eiendommen ligesom Tunet er i en eneste Stenurd. Ved Train brød Hjart-døla sig frem og flommet over hele Eiendommen. Fra Broen og til Husene er et Elveløb 20 M bredt og paa begge Sider ligger bare Sten og Grus.

Da Vandet kringsatte Husene, maatte Folk i Hui og Hast drage afsted. Nogen fik med sig Creaturene og nogen ikke. Saaledes skulde jeg og nogen andre forsøge at faa bort Dyrene hos Olav S. Funner, men Elven var alle Steder saa strid at det var umuligt, de fleste maatte bli staaende på Fjøsset, men tog ingen Skade.

Olav Train var oppe i Skogen i denne rædselsfulde Nat og havde Kjørene med der; mange andre fik rømme opover til de Gaarde som ligger oppe i Bakkerne. Saaledes var det paa Myrjord fuldt huset af Folk og hos mig var 20 Mennesker.

Kl. 6.30 kom den næsten totale Solformørkelse som hjalp til at sætte endda mere Uhygge hos Folket. Vi stod da i den stride Strøm til op paa Livet og maatte gi op en kort Stund medens Formørkelsen varte. Først ved 10-Tiden om Formiddagen den 29de kulminerte Flommen.

(Meir kjem i årboka)

Johannes Grimsrud 1893–1974

Husmannsguten som vart både syndikalist og emissær

Johannes Grimsrud vart fødd på plassen Grimsrud under Sjoåsen i Tuddal i 1893. Plassen var rydda av Johannes Surtevu frå Heddal ikring 1870. Vilkår i kontrakten var pliktarbeid for husbonden og rett til tunslåtten på garden.

Husmannen var fyrst gift med Gunhild Hansdatter Øygarden, ein plass under Åsen. I dette ekteskapet var det sju barn. Etter at Gunhild døydde i 1876, gifte han seg med Anne Anundsdotter født på Vestafe. Dei fekk tre born, Hans f.1891, Johannes f.1893 og Anne f.1894.

I 1913 var det auksjon i Grimsrud. Sjoåsen-bonden ville ha plassen for seg sjølv, og folket måtte reise ut.

Syndikalisten

Johannes arbeidde i skogen før han etterkvart vart «vegslusk» og rallar. Etter kvart enda han opp i Sauda og fekk arbeid på anlegget der.

Men han var ikkje berre anleggsslusk, han vart politisk aktivist og korrespon-



dent for syndikalistavisa Alarm. Der skreiv han glødande politiske innlegg og arbeidarlyrikk (sjå side 6).

Syndikalisme er ei grein av sosialismen på yttarste venstre fløy. Dei ville ha korkje parti eller fagorganisasjonar,



Foto frå brakka: Johannes Grimsrud nr. 3 frå høgre i bakre rekke



arbeidarane skulle sjølve ta over styring. Det endte med at han under ein stor konflikt i Sauda, der han gjekk sterkt imot streikebrytarar, fekk sparken.

Frå syndikalist til emissær

I hovudstadsavisa *Alarm* skriv redaktøren i 1930 denne kommentaren om utviklinga blant dei syndikalistiske kameratane i Sauda:

Manganrøken og lungepesten har gjort et nedstemmende inntrykk på Saudaarbeiderne. Flere av våre prektige kamerater er revet vekk av den farlige pest og andre er blitt offer for enda verre skjebner. Vår gamle kamerat J.Grimsrud reiser idag som emissær og legpredikant.

Syndikalisten og ateisten Grimsrud vende om og reiste i lag med «ryfylkebispen» Sven Foldøen i to år, før han og

ein annan emissær sykla til Røldal før dei tok skia fatt, og starta som preikarar i Vest-Telemark og Setesdal.

Etter kvart vart han tilsett som emissær i kinamisjonsforbundet, dei skifte seinare namn til Norsk Luthersk Misjonssamband, i Skien krets, med bustad på Notodden og i Heddal. Misjonen sette to vilkår for forkynnarane sine. Dei måtte ikkje ta høgare utdanning og dei måtte ha eit praktisk yrke ved sida forkynninga.

Johannes tok til å lage lærvesker og portemonéar. Ordet går at han produserte over tusen vesker. Dei fleste vart selde på Vestlandet.

Han skal og ha prøvd seg som kunstmålar, utan at eg kjenner til nokre av måleria hans, men fargerike skal dei ha vore med eit litt originale perspektiv. Eller som Knut Buen skreiv i Telemark Tidend: «Han som var imot perspektivet.»

"Klar Basun"

Ved sida av å vera ein ivrig skribent i *Teledølen*, han skreiv både andaktar, politiske artiklar og ironiske kunstmeldingar, gav han ut sitt eige blad *Klar Basun* i over 20 år.

Ein av dei siste kampane han førte var kampen mot femdagars-veka. I Bibelen står det jo at ein skal arbeide i seks dagar og ha den sjuande dagen fri.



Han kunne vera så skarp og ironisk at han etter kvart kom på kant med misjonsorganisasjonen han var tilsett av. Korleis ein så venleg og stillfarande kar kunne vera så krass og uforsonleg i det han skreiv, undra mange.

Mitt sterkaste minne om Johannes Grimsrud er frå talarstolen på Bedehuset på Notodden. Han vart alltid oppfordra til å syngja visa om den burtkomne sauene. Då dramatiserte han visa, gjekk i sine vadmålsklede fram og tilbake over plattformen og speida etter sauene ut gjennom glasene og viste stor glede når sauene var funnen.

Kan det bli ei bok om Johannes Grimsrud og tida og miljøa han levde i?

Eg har samla mykje stoff om Grimsrud, både frå syndikalist- og emissærperioden. Håpet er at det kan bli ei bok ut av stoffet i samarbeid med Hjartdal Historielag. Og her ber eg om hjelp frå lesarane av *Kontaktbladet*. Har de minne om Grimsrud, materielle eller munnlege, ville eg sette stor pris på ein prat direkte, eller via historielaget.

Thorbjørn Aamaas aamaas@gmail.com

Fabrikkslaven

Når solen i øster oppstiger med glans
og mørket forjages av jorden,
til fabrikkene strømmet et tog uten stans
til maskinenes surren og torden.

Der ute er lyst og naturen er skjønn
og veksler med solskinn og skygge,
men innenfor porten går slaver i drøm
i dager og år uten hygge.

Maskinene støver, de surrer og går,
men vokter deg, de også kan glemme,
et øyeblikks feiltrinns og uhyret slår
og slaven blir knust til en lefse.

Hans drømmer om livet – selvstendig og fritt
er aldri forunt ham å leve,
fra vuggen til graven et endeløst slit
og uten at fruktene kreve.

Hans drømmer om livet i blomster og løv,
i solskinn og svalende skygge,
blev livsvarig trellskap i smuss og i støv,
det vitner de krummede rygge.

Med lengsel i blikket han retter seg opp
og sukker så snart det er stille:
Skal aldri den urett jeg lider bli stopp,
ja alltid som ball la meg spille?

Men lengselens flamme kan aldri bli død,
den blusser og modnes i sjelen,

og henter seg næring i ytterste nød
og dette blir frelsen for trellen.

Og snart blir vel flammen mektig og sterk
og tusenårslengslene fenger,
da blir det en storm og et skaperverk
som trellen det ønsker og trenger.

Søndag

En søndag en vandrer og tenker,
går frem over marker og blomstrende enger.
Men han vandrer alene på frihetens dag
og gledes ved livet som naturen gav
så fritt uten trellskap og penger.

Men hvor var vel folket å finne i dag
– og ungdommen, piker og drenger?
Jo, innunder kirkens mørkede tak,
hvor åndsmørket ligger i kveldende lag
med påfyll av presten for penger.

Denne verden er merkelig, sa vandreren stilt,
tenk at folket fornektet det skjønne,
det naturlige livet, som opphavet gav,
og lever på dogmer fra vuggen til grav
i kirker og klostre med bønner.
Ja, vår tid den er kunstig på alleslags vis,
vi er treller fra vuggen til graven
som forføres, bedrages av livsfjerne ting,
av tanker som svæver i luftsloppetets ring,
så fjernt i fra livet i haven.

Crossings 200

Utvandringsjubileumsåret 2025!

I år markerer vi, dvs, *Norsk utvandrer museum*, med prosjektet *Crossings 200*, at det er 200 år sidan den første organiserte utvandringa frå Norge til USA.



I 1825 seilte den vesle seglbåten/sluppen

Restauration frå Stavanger til New York med 52 norske emigrantar frå kvekar-samfunnet om bord. Desse reiste særleg med ynskje om større trusfridom.

12 år seinare starta den store utvandringa for alvor der folk frå innlandet, med tinndølar og etterkvart hjartdølar i spissen, drog over havet for å søke ei betre framtid.

Mange tiltak rundt i landet vil markere dette, og vi håper at også vi skal få til eit arrangement på haustparten med utvandring som tema.

I mellomtida kan ein jo repetere det som er presentert av Hjartdal historielag gjennom tidene. *hjartdalahistorielag.no* har ein eigen seksjon med emigrant-historie.

Og vi bør særleg minnst Austlandets første emigrant, Gunhild Grasåsen, som med litt velvilje kan seiast å binde saman rogalandsutvandringa med inn-landsutvandringa. Gunhild flytte frå Tuddal som heilt ung og kom til å bli ein del av kvekarmiljøet. Ho kom til New York på seglskipet Franklin frå Gøteborg 1.oktober 1831. Heile hennes historie finn du i historielagsårboka for 2018.

Årbokas framtid

Arbeidet med årbok for 2025 er godt igang, og grovt sett er stoffet for ei ny bokpåk på plass, sjølv om eit stort arbeid står att før boka er klar til trykking.

Nå ser vi at det ikkje lenger er sjølv sagt at vi vil klare å fylle bøker med lokalhistorie heretter. Vi er med andre ord avhengige av at medlemmer og andre set seg ned og skriv artiklar eller tipsar oss om stoff som kan brukast.



Hjartdal historielag
Årbok – 2026

Professor Gerhard B. Naesets store verk om norsk utvandring til USA



Professoren frå Wisconsin som laga ein fembinds oversikt over alle norske innvandrarar til USA 1825-1850, var av telemark-slekt. I samband med emigrantjubileet Cossings 200 passar det å minne om desse bøkene. Vi har dei i historielagets samling.

Fram til 1850 vil ein sjå at hjardalsbygdene er svært godt representert. Vi minner alltid om at våre forfedre herifrå var mellom pionerane i utvandringa saman med tinndølane.

Naeseth har oppspora kvar einaste emigrant frå denne perioden, i kjelder, og presentert dei i bøkene – ordna etter kva skip dei reiste med. Dessutan er det namneregister bak i bøkene. Det er også register over kor dei reiste frå, men dessverre manglar dette i første bind – 1825–1843.

Du kan lese meir i kontaktblad nr 17 frå 1994.
(hjordalhistorielag.no – publikasjonar – kontaktblad)

Frå Strinda historielags nettsted:

Naeseth er mest kjent for sitt storverk, *Norwegian Immigrants to the United States: A Biographical Directory*. For dette mottok han St. Olavs Orden i 1978. *The Norwegian-American Genealogical Center & Naeseth Library in Madison, Wisconsin* er oppkalt etter han. Naeseth var også direktør og faglig leder for *Vesterheim Genealogical Center* fra 1974 til 1994. Naeseth var vice- director for bibliotekene ved *the University of Wisconsin–Madison* fra 1948 til 1978. Han var også formann i *the Church Council of the American Lutheran Church*.



Ny epostadresse

post@hjordalhistorielag.no er heretter adressa ein skal bruke i all kommunikasjon med Hjordal historielag. Posten vil da bli mottatt av 1-3 styremedlemmer og vanlegvis svart på – om ikkje på timen.

Oppdatert bokønskeliste

Det var bryet verdt å etterlyse bøker i forrige blad – ein del bøker kom inn. Derfor prøver vi med ei oppdatert liste i år.

Mange foretar oppryddingar i boksamlingane sine til tider, og da kan det kanskje vere at ein kjem over titlar som kan vere av interesse for HHL.

På hjarthdalhistorielag.no - *prosjekt-arkiv/samling* ser ein kva vi har i boksamlinga pr i dag.

Bøkene på lista under er titlar vi saknar.

Wille	Beskrivelse over	
Sigrun L Brattekås/	Sillejords præstegjeld	Gyldendal 1786/1989
LLH/NFF	Blomane ropa på meg.	
Telemarks avisa	Rosemålar Knut K Hovden	Knut Buen V-T Museum 2013
Svein Vette Trae:	Buskerud og Telemark i nær fortid	Samlaget 1983
Chr. Gunheim	Festskrift til Knut Buen.	TA 1998
Anne S Haugan	Frå sverd til Krag-Jørgensen	Notodden Heimevernsområde
Hallgrim Høydal:	Gamalt fraa Telemork	E St Nilssens Bokhandel 1915
Ingvar Skobba:	Hardingfeleopplæring	Buen kulturverkstad 1990
Hallgrim Høydal:	Kampen om vannet	Eige forlag 2003
	Krigen i Telemark 1940-1945	Varsko Forlag 1996
	Motstandsarbeidet i	
	Notoddendistriktet 1940-1945	
Olav Bø	Norsk folkediktning 1-7	Samlaget 1977
Telemark Mållag	På tvers - ord og uttrykk frå Telem.	Telemark Mållag 2004
Knut Buen	Sitring	Nyrenning 2008
Knut Buen	Som gofa spølå.	Rupesekken forlag 1983
Knut Buen	Jørgen Tjønnstaul.	Buen Kulturverkstad 1984
Statens Vegvesen	Vegminner og veghistorie Telemark	Statens Vegvesen
Johan Meyer:	Fortids Kunst i Norges	
	Bygder Telemarken II - VI	
-	Årsskrift Notodden Historielag 2002	
-	Årsskrift Notodden Historielag 2008	
-	Telemark Historie Nr 02	
	Telemark Historie Nr 21	
	Telemark Historie Nr 23	
	Telemark Historie Nr 29	
-	Telemark Historie Nr 30	
-	Telemark Historie Nr 31	
-	Telemark Historie Nr 33	
-	Telemark Historie Nr 37	

Referat frå årsmøtet i Hjartdal Historielag

på klubbhuset til Sauland IL 02.04.2025 kl.18:30

1. Torkild H Mosebø ynskta velkomen til om lag 40 frammmøtte.

2. Innkalling og saksliste einstemmig godkjent.

3. Val av møteleiar og referent:
Møteleiar: Torkild H Mosebø
Referent: Thorbjørn Aamaas

4. Årsmelding 2024

Møteleiaren las årsmeldinga.

Presiseringar:

Årboka 2024: det er att 32 eksemplar av opplaget på 400.

Kulturminnefondet: Tilskotet ifbm søknad frå Audun Solberg om 7000 kr til datering av smie ved Skjesvatn er ikkje gjort/utbetalt pga. at høg vasstand. Rekning kjem seinare etter at undersøkinga er gjennomført. Det er truleg at Telemark fylke dekkjer utgiftene. Lokalhistorisk arkiv: Svein Bakkalia uttrykte undring over at kommunen enno ikkje hadde kome med ei avklaring. Han meinte det var viktig å sikre organisering av arkivet.

Mølla – ny bruk: Olav Tho stilte spørsmål om dagens situasjon og framdrifta. Møteleiaren orienterte kort om situasjonen og arbeidet i stiftinga. Ein hadde håpa på støtte ved ei eventuell kraftutbygging i vassdraget, men dette ser det no ikkje til å bli noko av. Stiftinga må snarast råd koma med ei avklaring om det vidare arbeidet med mølla.

Årsmeldinga samrøystes godkjent.

5.,Rekneskap 2024

Kasseraren gjekk gjennom rekneskapen.

Rekneskapen samrøystes godkjent.

6.,Budsjett 2025.

Kasseraren gjekk gjennom budsjetten.

Svein Bakkalia peika på at det var viktig å bruke posten på 4000 kr til turar og større arrangement.

Budsjettet samrøystes vedtatt.

7. Innkomen sak –

Minnesmerke Knud Gislesen.

Møteleiaren orienterte om saka og viste til artikkel i årboka for 2024 om skule-mannen og seinare biskop Knud Gislesen som kom frå Løkslid i Hjartdal. Det blei og opplyst om at det ville koma ein supplerande artikkel i årets årbok.

Olav Tho, som hadde sendt inn framlegget om eit minnesmerke, ga også ei kort orientering. Andre som tok ordet støtta tanken om eit minnesmerke.

Jon Bekkhus viste til ei minneplate som står ved domkyrkja i Tromsø.

Skissa til vedtak:

- Årsmøtet i Hjartdal historielag 2.4.2025 sluttar seg til innspelet frå Olav Tho.
- Styret oppnemner ei prosjektgruppe med mandat om å arbeide vidare med saka og stad for plassering, samt prøve å finne finansiering slik at det kan realiserast.
- Dersom Hjartdal historielag ev skal bidra økonomisk, så må det leggst fram for årsmøte – ev. ekstra ordinært årsmøte, vart vedtatt utan innvendingar frå nokon.



8. Val

Styremedlemar:

Audun Solberg (ikkje på val)
Thorbjørn Aamaas (ikkje på val)
Torkild H Mosebø (ikkje på val)
Anna Langåsdaalen (ny for 2 år)
Torkjell Tjønn (attval for 2 år)
Tone Stuverud (ny for 2 år)
Aslaug Elisabeth Vaa
(1. varamedlem/ikkje på val)
Halvor Kristoffersen
(2. varamedlem/ny for 2 år)

Valkomite:

Torgunn Oppsal (ny 2 år)
Gunvor Prestårhus (ikkje på val – 1 år att)
Kari Timland (ikkje på val – 1 år att)

Revisor:

Gunvor Prestårhus (attval 1 år)

Audun Solberg sa seg villig,
og blei valt til leiar for 2025.

Resten av styreverva blir fordelte på første
styremøte etter årsmøtet.




9. Avslutning

Etter at det formelle årsmøtet var avslutta,
var det bevertning med påsmurte rundstyk-
ke, kaffi og kaker.

Etter matpausa introduserte Audun
Solberg kveldens føredragshaldar,
Anders Kvåle Rue. Han heldt eit engasjerande
føredrag om vikingar frå Telemark med egne
illustrasjonar på storskjerm. Eit svært velluk-
ka innslag, som gav blomster som honnør.
Togunn Opsal som gjekk ut av styret fekk
også blomster, som takk for mage års arbeid
i laget.

ReferentTAA/THM



*Teikning øvst: Da Olav Tryggvason under
kristningsarbeidet sitt, kom til Grenland
(dvs. landet frå telemarkskysten og opp til
Omnesfossen), oppdaga han at denne delen
av landet alt var kristna.*

Teikning: Anders Kvåle Rue

*Under: Anders Kvåle Rue kommenterte mel-
lom mykje anna, manglande telemarkstoff i
Heimskringla.*

Årsmelding for Hjordal historielag 2024

Tidlegare har vi trykt historielagets årsmeldingar i kontaktbladet, men vi brukar ikkje plass på dette lenger. Vi trykker heller årsmeldingane i årboka. Denne reknar vi med å ha ute i november som vanleg.

Kontingent 2025

Som vi har gjort nokre gonger tidlegare, sender vi ut kontaktbladet til alle husstandar i kommunen. Vi ser gjerne at så mange som mulig støttar laget med å betale kontingent. Dette er utan forpliktelsar, og ein mottar gratis årboka. Sjå smakebit frå årets bok side 3.

Medlemskontingenten er 300 kroner. Historielaget vil halde fram med rimelege arrangement og bokutgjevingar.

Vi ser gjerne at de hjelper til med å verve nye medlemmer. Tenk særleg på familie og kjenningar utanbygds!


Internett og datahjelp

Vi minner om historielagets facebookside: facebook.com/hjordalhistorielag.

Her kan du finne bilde, arrangementsmeldingar og innlegg av mange slag.

Vi har også vår faste side hjordalhistorielag.no, bl.a. med ein god del lesestoff.

Vi veit at ikkje alle er i stand til å finne ut av dette, derfor må ein ikkje vere redd for å spørje venner og kjente om hjelp. Ein kan også kontakte frivillighets-sentralen om hjelp til dette.



HJARTDAL HISTORIELAG

Kontaktperson: Audun Solberg,
Frølandvegen 284, 3692 Sauland, Tlf.: 90974089
post@hjordalhistorielag.no

Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje
Tlf.: 48237883 skoje@online.no
<http://www.hjordalhistorielag.no>

Hjordalbanken 2699 07 04332

Bladet blir sendt alle medlemmer

Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgje kjelde

Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet